



Modalen kommune  
Postboks 44  
5729 MODALEN

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale - Modalen - 82/1 m fl - Steinavatnet - oppføring av dagsturhytte for ålmenta - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 26.03.2021. Saka gjeld dispensasjon for oppføring av dagsturhytte for ålmenta i Modalen kommune. Det skal oppførast ei hytte, men det er 3 alternative plasseringar til denne hytta. Endeleg plassering av dagsturhytta vil verte bestemt etter synfaring.

### Statsforvaltaren sine merknader

Statsforvaltaren meiner at dagsturhytter, tilgjengeleg for alle, er positivt for friluftsliv og folkehelse.

Dagsturhytta skal plasserast ved Steinavatnet. Det er vist tre større områder på eit situasjonskart. Vi kan ikkje sjå at forslaga til plassering av dagsturhytte er meir konkret plassert enn det. Vi kan difor ikkje ta konkret stilling til plassering av hytta no.

Statsforvaltaren er opptatt av at plasseringa av hytta krev lite terrenginngrep og at den kan fjernast utan å etterlate seg store sår i naturen. Det er avgjerande at hytta ikkje fører til privatisering av området. Det er difor viktig med gode vilkår til ein eventuell dispensasjon. Vi rår til at det vert sett vilkår om at hytta skal fjernast om den ikkje lenger skal nyttast som dagsturhytte for ålmenta. Det må også settast vilkår om at ho ikkje kan nyttast som salsbod av noko slag.

Fylkesmannen ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



Kopi til:

Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN